

Tiltaksplan for massevaksinasjon i kommunar når det bryt ut ein pandemi

Det er viktig at alle aktørane går gjennom alle fasane for å få oversikt over den totale beredskapssituasjonen og sine ansvarsområde. Når det gjeld «Ansvar/ anbefalt utført av» for kommunale tiltak oppgir ein hovudsakleg kva for roller/ funksjonar som har ansvaret ifølgje lov eller forskrift. Andre aktørar er òg oppgitt i noko grad. Dette er gjort i dei tilfella der dei konkrete tiltaka naturleg høyrer inn under ansvarsområdet til desse aktørane.

Når ein går over i ein ny fase, skal ein gå gjennom alle dei tiltaka som er eller skulle ha vore gjennomført i tidlegare fasar, på nytt, og om nødvendig setje dei i verk, gjenta dei eller vidareføre dei i lys av den nye situasjonen. Av omsyn til plassen er tiltak som er ført opp under tidlegare fasar, vanlegvis ikkje ført opp på nytt i seinare fasar sjølv om dei kan vere relevante også seinare.

Interpandemisk fase			
Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Beredskap	<p>Revidere lokale planar for massevaksinasjon jamleg.</p> <p>Lokalt planverk skal reviderast med det same dersom ei endring i beredskapssituasjonen gjer revisjon nødvendig.</p> <p>Det lokale planverket skal òg reviderast dersom det kjem viktige nye nasjonale strategiske føringar.</p> <p>Planverket bør òg reviderast dersom organisatoriske endringar i kommunen er viktige for innhaldet i planen.</p>	Kommunelege/ rådmann	<p>Revidere planretteleiar for massevaksinasjon jamleg.</p> <p>Planretteleiaren skal reviderast med det same dersom ei endring i beredskapssituasjonen gjer det nødvendig å revidere rettleiaren.</p> <p>Planretteleiaren skal òg reviderast dersom det kjem viktige nye nasjonale strategiske føringar.</p> <p>Syte for å ha avtalar og planar for å distribuere pandemivaksine.</p>
Sesongvaksinering	<p>Syte for at innbyggjarar og tilsette i kommunen som høyrer til dei definerte målgruppene for influensavaksinasjon får tilbod om vaksine kvart år.</p> <p>Ha oversikt over kor mange av innbyggjarane og dei tilsette i kommunen som kjem inn under dei definerte målgruppene for sesonginfluensavaksinasjon.</p> <p>Sende ei årleg bestilling på vaksine til Folkehelseinstituttet basert på kommunen sitt behov.</p>	Kommunelege	<p>Gi retningslinjer for vaksinering med sesonginfluensavaksine.</p> <p>Levere sesonginfluensavaksine til kommunane for at dei skal kunne vaksinere dei definerte målgruppene.</p> <p>Overvake vaksinasjonsdekninga med sesonginfluensavaksine i heile befolkninga.</p>
Øvingar	Delta i øvingar i regi av sentrale og regionale myndigheiter, og også delta i / arrangere lokale øvingar (med andre kommunar og samarbeidande verksemdar).	Kommunelege/rådmann	Arrangere beredskapsøvingar for massevaksinasjon i samarbeid med andre sentrale aktørar.

Interpandemisk fase			
Oppgave	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Prioritering	Skaffe seg oversikt over verksemder med samfunnskritiske funksjoner i kommunen, og i samarbeid med dei aktuelle verksemdene setje opp lister over talet på personar i prioriteringsgruppe 5 – nøkkelpersonell.	Kommunelege/ rådmann	I samarbeid med andre sentrale helsestyresmakter definere dei gruppene som til kvar tid er prioriterte.
Informasjon	Utarbeide plan for informasjonsarbeid overfor egne ansatte, inneliggende pasienter og tilknyttede virksomheter.	Ansvarlig leder	Utarbeide kommunikasjonsplan og strategier for vaksine relaterte oppgaver.

Skjerpa beredskapsfase			
Oppgave	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Beredskap	Gå gjennom beredskapsplanar med tanke på vaksinasjon.	Kommunelege/ rådmann	
	Inngå avtale med aktuelle private aktørar som skal hjelpe til i vaksinasjonsarbeidet, mellom anna fastlegar, bedriftshelsetenester og frivillige organisasjonar.	Ordførar/ rådmann	
Prioritering	Oppdatere oversikt over talet på personar i definerte prioriteringsgrupper. Etablere lister med kontaktpersonar.	Kommunelege/ rådmann	Vurdere eksisterande vaksinasjonsstrategi i samarbeid med andre sentrale aktørar i helseforvaltninga.

Pandemisk fase - før vaksinen er komen

Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Oppstart og koordinering	Etablere kriseleiing. Opprette ansvarskontakt. Ressursallokering.	Ordførar/ rådmann	Oppnemne kontaktpersonar for kommunane. .
	All informasjon frå Folkehelseinstituttet (FHI) til kommunen om massevaksinasjon går til kommunelege/smittevernlege og omvendt.	Kommunelege	Opprette kontakt med Fylkesmennene.
	Kommunelegen/smittevernlegen er fagleg ansvarleg kontaktperson overfor FHI.		Opprette kontakt med kommunelege/smittevernlege i alle kommunar.
	Ein skal kunne nå kommunelege/smittevernlege ved behov. Sikre beredskap med fleire kommunelegar – ev. samarbeid med andre kommunar – slik at ein har døgnkontinuerleg tilgang.	Rådmann	
	Peike ut ein koordinator frå kommunen etter råd frå kommunelegen. Koordinatoren må kunne ta imot vaksineleveransar også utanfor normal arbeidstid. Koordinatoren handterer den praktiske delen av vaksine-distribusjonen lokalt; kommunelege/smittevernlege har det overordna og faglege ansvaret. Koordinatoren rapporterer til ovannemnde.	Rådmann/ kommunal- direktør/ kriseleiing	
Samhandling	Opprette kontakt med lokalt og regionalt helseføretak.	Kommunelege	
Prioritering	Sende inn prioriteringsliste til Fylkesmannen som vidare sender til Folkehelseinstituttet.	Ansvarlig leder/ fagdirektør	Setje opp ein mal for å rapportere inn prioriteringslister frå kommunane. Når situasjonen krev det, be om at prioriteringslistene til kommunane blir sende inn via Fylkesmannen, for å kunne planleggje pakking og utsending av vaksinedosar etter prioriteringskriterium som er gitt av HOD.
Distribusjon	Informere Folkehelseinstituttet om leveringsadresse for vaksine, og om namn, mobiltelefonnummer og e-postadresse til kontaktpersonen som vaksinen skal leverast til. Folkehelseinstituttet må haldast løpande oppdatert om endringar. .	Kommunelege/ koordinator	Be om at det blir sendt inn kontaktdetaljar for informasjon om levering av vaksine. Lage ein detaljert plan for vaksinelevering til kommunane basert på prioriteringskriterium gitt av HOD og teoretisk sett tilgang på vaksine kvar veke.

Gjere klar lokale	Gjere klar for å ta imot vaksine: Kjølelager, kontrollrutinar og sikring. Gjere klar lokala ein skal nytte til vaksinasjon.	Kommunelege/ koordinator	
Registrering	Gjere klar innkallingslister frå Folkeregisteret/SSB og ev. sende ut innkalling / nytte internett / opprette servicetelefon.	Rådmann	
	Gjere klar for elektronisk registrering til SYSVAK via journalsystem. Manglar ein journalsystem med elektronisk kommunikasjon til SYSVAK, kan ein nytte beredskapsalternativ som FHI tilbyr.	Kommunelege/ koordinator	Aktivere beredskapsplan for SYSVAK.
	Gjere klar utstyr for å utførde vaksinasjonsprov. Gjere klar skjema for å registrere alvorlege mistenkte biverknader.		Leggje ut mal for vaksinasjonsprov på nett. Sende ut og leggje tilgjengeleg på nett skjema for melding av alvorlege mistenkte biverknader.
Informasjon	Utarbeide konkret og lokalt tilpassa informasjon til alt helsepersonell.	Kommunelege/ informasjons- ansvarleg	Utarbeide ein informasjonsstrategi med tiltak særskilt retta mot kommunane om prioritert eller generell vaksinasjon – avhengig av situasjonen og tilgangen på vaksine.
	Gjennomføre konkrete informasjonstiltak (internett, media, intranett, brosjyrar, dokumentasjon og informasjon v/ vaksinerings, skilt, plakatar, merking av personell).	Kommunelege/ koordinator/ beredskaps- ansvarleg/andre	Kontinuerleg følgje opp situasjonen og gi oppdatert informasjon til helsepersonell. Opprette rådgivingstelefon for helsepersonell.
Informasjonsmateriell	Tilpasse informasjons- og dokumentasjonsmateriell til lokale tilhøve. Trykkje opp: <ul style="list-style-type: none"> - registreringsskjema - informasjon om kjende biverknader / allergiske reaksjonar - vaksinasjonsprov - ev. anna informasjonsmaterie 	Kriseleieing/ kommunelege/ informasjons- ansvarleg	Utarbeide informasjonsmateriell om pandemivaksinen. Utarbeide vaksinasjonsprov. Tilpasse meldeskjema for alvorlege uønskte hendingar.
Bestilling/lagring	Syte for tilstrekkeleg eingongsutstyr til vaksinasjon.	Kommunelege/ koordinator	Aktivere pandemivaksineavtalar.

Pandemisk fase – utsending av vaksine har starta

Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Leggje til rette for vaksinasjon	Bestemme tidspunktet for når ein skal starte opp vaksininga på grunnlag av informasjon frå FHI.	Kriseleiing/ kommunelege/ informasjons- ansvarleg	Følgje opp Statens legemiddelverk sin godkjeningsprosess for vaksinen. Fordele vaksinedosar i samsvar med prioriteringsrekkefølga som er fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet. Varsle om når ein kan forvente å ta imot vaksine i kommunane (dato og tidspunkt), leveringsmåte, volum og talet på vaksinedosar.
	Kalle inn sikringspersonell, vaksinatørar, legar og frivillige hjelparar. Varsle kontaktpersonar for prioriterte grupper når ein skal vaksinere personell i samfunnsviktige tenester. Leggje til rette for nødvendig transportteneste for publikum til vaksinasjonsstader.	Kommunelege/ koordinator	Alle sendingar til kommunane skal registrerast som ordre, slik at det blir dokumentert kor mange dosar og kva for produksjonsbatchar som er i kvar leveranse. Syte for å pakke vaksine for utsending.
Kalle inn til vaksinasjon	Kalle inn prioriterte grupper til vaksinasjon via fastlege, arbeidsgivar, brev eller lokale medium. Varsle kontaktpersonar for prioriterte grupper når ein skal vaksinere personell i samfunnsviktige tenester. Ved tilgang på store mengder vaksine (prepandemivaksine): Planleggje kven som skal møte kvar. Eitt alternativ er å nytte systemet for val med lokale valkrinsar, ev. etter skulekrinsar. Kalle inn heile befolkninga ved å bruke folkeregisterdata og media. Det må gå fram av innkallinga kvar kvar einskild skal møte. Lage eit tilbod for personar som oppheld seg i kommunen, men som ikkje har fast bustad her.	Kriseleiing/ kommunelege/ informasjons- ansvarleg	

Pandemisk fase – utsending av vaksine har starta

Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Vaksine-handtering	Kontrollere alle leveransar ved mottak med tanke på synleg brekkasje, talet på dosar og temperatur under transport (frostindikator).	Kommunelege/ koordinator	Sende ut vaksine med eigna transportmiddel, til dømes kjølebil/bil, fly.
	Ta hand om tryggleiken når vaksineleveransen skal oppbevarast. Før kontroll med alle vaksinedosar som blir tekne ut av lager. Fordele vaksinedosar og lage køyreplan for utsending til vaksinasjonsstader og koordinere med ansvarshavande på lokale mottak/smittevernkontor. Skal ein distribuere vaksinar internt i kommunen, må ein følgje prosedyrar for å oppretthalde kjølekjeda (vaksinen skal både transporterast og oppbevarast kjølig, 2–8 °C). Gjere klar utstyr for medisinsk beredskap som skal vere tilgjengeleg ved vaksinasjon. Gjere klar eingongsutstyr som skal nyttast ved vaksinasjon.		
Informasjon/merke-materiell	Gi kontinuerleg oppdatert informasjon i lokale media og på kommunen sine heimesider. Sende ut pressemeldingar ved behov. Gi informasjon tidleg til arbeidsgivarar slik at ein kan allokere nødvendige ressursar for å sikre at alle kan møte til vaksinasjon Gjere klar materiell til å merkje lokale med. Gjere klar materiell til å merkje personell med.	Informasjons-ansvarleg/ kommunelege/ koordinator	Leggje ut kontinuerleg oppdatert informasjon for publikum og helsepersonell på internett. Utvide opningstida for førespurnader på telefon for helsepersonell.
Gjere klar	Desse punkta må takast hand om:	Kriseleiing/	

Pandemisk fase – utsending av vaksine har starta

Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
lokale for vaksinasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Opningstid - Merking av lokale - Installere utstyr / gjere klar kontor osv. - Ta hand om tryggleiken - Parkering, NB spesialtransport (køyretøy av ulik storleik og behov) - Ev. bruk av køsystem (inn/vente/vaksinasjon/observasjon/ut – med tydeleg merking av område). - Lokale tiltak for å redusere smittepress ved vaksinasjon. - Ta hand om tryggleiken 	kommunelege/ koordinator	
Tryggleik og anna	<p>Desse punkta må takast hand om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sikring av lokale - Sikring av vaksinelager - Parkering - Transport 	Kommunelege/ koordinator	
Førebu hjelpepersonell	<p>Desse punkta må takast hand om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Peike ut ein lokal koordinator - Merking av personell - Eventuelt bruk av verneutstyr <p>Gå gjennom prosedyrar for arbeidsoppgåver</p>	Kommunelege/ koordinator	
Gjennomføre	Desse punkta må takast hand om:	Kommunelege/	

Pandemisk fase – utsending av vaksine har starta

Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
vaksinasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Ta imot pasientar - Leverer ut informasjonsmateriell - Registrere personidentitet - Ha lege tilgjengeleg for å vurdere kontraindikasjonar og kunne handtere akutte situasjonar i samarbeid med anna helsepersonell. - Vaksinerer - Overvaking etter vaksinerer - Registrere vaksinasjon etter kvart i journalsystem med direkte overføring til SYSVAK. Manglar ein journalsystem med elektronisk kommunikasjon til SYSVAK, kan ein nytte beredskapsalternativ som FHI tilbyr. - Leverer ut vaksinasjonsprov - Eventuelt informere om tidspunkt for 2. dose 	koordinator	Hjelpe og rettleie kommunane dersom dei støyter på problem ved overføring til SYSVAK, og gi teknisk støtte på registrering. Journalleverandørane er førstelinje for spørsmål knytt til sine system. Rapportere etter kvart vaksinasjonsdekning på nasjonalt og lokalt nivå.
Overvake uønskte hendingar etter vaksinasjon	<p>Kontinuerleg rapportere inn meldingar om alvorlege uønskte hendingar, inkludert akutte allergiske reaksjonar.</p> <p>Hugs å informere legevakta om prosedyren for melding til Folkehelseinstituttet.</p>	Kommunelege	Gå gjennom og registrere alle meldingar og overvake situasjonen med omsyn til alvorlege uønskte hendingar i samarbeid med Statens legemiddelverk.

Overgangsfase			
Oppgåve	Kommunale tiltak	Ansvar / anbefalt utført av	Folkehelseinstituttet sine tiltak
Evaluering	Utføre eigenevaluering av massevaksinasjon med nødvendige endringar av eige beredskapsplanverk.	Kriseleiing/ kommunelege/ koordinator	Gå gjennom erfaringar frå alle kommunar og gjere analysar og forbetringstiltak basert på innrapporterte opplysningar. Vurdere vaksinedekning, vaksineeffekt og tryggleik, og oppdatere tilrådingar for vaksinasjon.